

SU/SMU-møte

Dato: 21.11.22

Til stades: Håkon A. Matre (referent), Paul Willy Setane, Theresa Viddal, Marius Vøllestad, Isak Berggren, Mette Valle Haugstøyl, Anna Jablonska.

SMU

- Plan for oppussing av storskulen har blitt presentert for formannsskap/kommunen. Pris har ikkje kome enda. Bygging vil starte så snart som råd når det blir godkjent. Det blir eige grupperom til kvar klasse, fleire toalett, grøn uteplass og fleire banar til fotball, volleyball etc.
- Ung data møte i Oslo, Anita reiser. Elevundersøkelse 5-10. klasse, foreldreundersøkelse og lærarundersøkelse. Info kjem ut til foreldre i slutten av november/starten av desember.
- Nasjonale prøver viser gode resultat med god betring frå i fjor. Vi ligg over gjennomsnittet i fylket og landet.
- Det manglar over 300 % stilling. Det har blitt lyst ut nokre gonger. Ein vurderer å nytte vikarbyrå. Det jobbast framleis med saka.
- Budsjett: Ikkje store endringar. Datamaskinar til alle ungdomsskuleelevar. Kommande 8. klasse skal få heilt nye datamaskinar ved skulestart.

SU

- Tilrettelegging slik at elevar fullfører vidaregåande utdanning. Ungdomslosen: Kristin Vågen jobbar med dette.
- «Dialogmøte». Ca 30 foreldre møtte, alle fekk invitasjon. Nokon foreldre ringte og sa dei var fornøgde. Gode spørsmål og diskusjonar. Foreldre fikk ein case der dei skulle løyse situasjonar.
- «Sterk og klar». Foreldremøte for dei med elevar i 8 og 9. klasse. Forskjellige tema som rus, alkohol, mobbing etc. Håpar på godt oppmøte 23-24 november.
- «Joleball» 15 desember. Skule ordnar med mat og kaker. Målet er at alle skal ha det gøy og at elevar skal føle at det er greit å komme som man er.
- 17. mai-komitéen er i 7. klasse. Ingen info enda, men dei har møter frå januar til mai.